



FYRESDAL KOMMUNE
Klokkarhamaren 6
3870 FYRESDAL

Seksjon Kultur

Vår dato:	15.01.2025
Dykkar dato:	21.11.2024
Vår referanse	24/25291-2
Dykkar referanse:	2024/276-23
Vår saksbehandlar:	Marte Aksnes

Høyringsvar frå Telemark fylkeskommune - Temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv - 2026-2032 - Fyresdal kommune

Telemark fylkeskommune viser til høyringsbrev og temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv – 2026-2032, motteke 21.november 2024.

Fyresdal kommune har utarbeidd ein temaplan som gir eit godt bilete av dagens aktivitets- og anleggssituasjon i kommunen. Det er eit gjennomgåande folkehelseperspektiv i planen og det blir godt balansert mellom tilrettelegging for både organisert og eigenorganisert aktivitet.

Temaplanen viser ei fin kopling til satsingsområde i andre sentrale planar og styringsdokument i kommunen. Det er viktig at anleggsutviklinga også hengjer saman med kommuneplanens arealdel. Dette er særleg viktig i forhold til å sikre areal til friluftsførmål.

Det har vore brei involvering og medverknad i planarbeidet. I tillegg til ungdomsrådet kunne også råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne vore kopla på medverknadsprosessen. Det kjem ikkje fram av lista over møter at desse har vore kopla på.

Resultatvurdering frå førre plan visar at kommunen har fått gjennomført fleire gode og store tiltak, dette har gitt eit stort folkehelseløft for kommunen og skaper masse aktivitet i dag og ikkje minst tilreisande til bygda. Hamaren aktivitetspark og tretoppvegen er eit godt døme på dette. Vi meiner at dette er eit så stort anlegg og attraksjon i bygda at det også bør omtalast vidare i denne temaplanen som skal vere gjeldande for dei neste åtte åra. Ambisjonar om vidareutvikling eller vidare drift av området slik at det heng saman med tiltak i andre planar i kommunen, slik som folkehelse, næring og reiseliv.

Det er også nokre tiltak som vart delvis eller ikkje vart gjennomførte. Oppkøyring av løyper har vorte teken med vidare i denne temaplanen, som har samanheng med innspel, men ikkje til dømes «leggje til rette gode badestrender med tilgjenge til toalett» og «stimulere til merking av turløyper av alle slag». Badestrender og stimulere til merking av turløyper kan også vere aktuelle tiltak å ta med vidare i temaplanen under hovudsatsingsområde «friluftsliv for alle», viss kommunen ser det som relevant. Dette er tiltak og anlegg som er lågterskel og for alle.

Temaplanen har gode hovudsatsingsområde som viser at kommunen tek til seg innspela som har komme inn i medverknadsprosessen og er i tråd med regionale og nasjonale føringar. Det er gode og konkrete tiltak under hovudsatsingsområda 1, 2 og 3, og det er bra at man fordeler kven som har ansvar. Fokus på fleirbruk på bygg som allereie eksisterer er kjempe viktig og i tråd med nasjonale og regionale føringar, men vi saknar konkrete tiltak på korleis dette kan løysast i planperioden og kva rolle kommunen skal ta. Kommunen eig mellom anna 6 av 7 grendehus, korleis kan desse utnyttast endå betre dei neste 8 åra? Kan kommunen eller annan aktuell aktør ta ein rolle i å kartleggje aktuelle bygg og sjå på moglegheiter for korleis bygga kan gjerast tilgjengeleg for andre når dei ikkje er i bruk?

Telemark fylkeskommune håpar temaplanen vil fungere som eit godt styringsverktøy i planperioden og vi ser fram til vidare samarbeid med Fyresdal kommune om tilrettelegging for eit rikt idretts-, kultur- og friluftslivstilbod!

Med helsing

Marte Aksnes

marte.aksnes@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.